



Valle Venstre


«Menneska er viktigare enn systemet.»



venstre

Dette er Valle Venstre:

- Venstre er eit liberalt parti. Ein liberal politikk tek utgangspunkt i det enkelte mennesket, samstundes med at alle har ansvar for kvarandre. Venstre er spesielt oppteke av miljø, velferd, skule og småbedrifter.
- Valle Venstre er for eit samla Agder, og meiner at det på sikt og vil vere naturleg å sjå på om det er mogleg å slå saman Setesdalskommunane.
- Valle venstre vil fokusere på kvalitet og innhald i det som skjer i Valle kommune, og vi vil jobbe spesielt med desse sakene:



Eitt skulesenter i Valle kommune

- Vi meiner at både det sosiale miljøet og læringsmiljøet for elevane i grunnskulen vil bli betre dersom det er ein viss storleik på klassane. Ein samla grunnskule i Valle vil uansett ikkje bli ein stor skule, og vi trur at både lærarar og elevar vil dra nytte av eit noko større miljø.
- Det vil og vere ein stor fordel at grunnskulen og vidaregåande skule er samla på ein plass, slik at ein kan dra nytte av kvarandre når det gjeld lærarkrefter, utstyr, transport, kulturarrangement osb.
- SFO bør ligge ved dette skulesenteret, og ein bør sjå om det er mogleg å sette opp ein buss frå Hylestad til SFO. Denne kunne og nyttast som kollektivtransport for folk som skal på arbeid i Valle. Barnehagane bør vere der dei er no.



Næring i Valle

- Valle kommune må fortsette å legge godt til rette for nyetableringar, særleg med tanke på produksjon av lokale varer. Vi vil jobbe for eit utbreidd samarbeid mellom Setesdalskommunane når det gjeld satsing på nisjeprodukter, som til dømes lokale matvarer som kjøt og fisk.
- Det er viktig at Valle kommune opprettheld jordbruket, samstundes med at dei tenesteytande næringane får gode vilkår. Det er viktig å utvikle dette i heile Setesdal. Valle Venstre ynskjer å stimulere til utvikling av eit Setesdalsslakteri, slik at den lokale produksjonen av kjøt verkelig blir kortreist mat, og at lokale næringskrefter tener på produkta i alle ledd.
- Valle sentrum bør vere ein samlingsstad for både fastbuande og turistar. Det er viktig å få til ein sentrumsplan som tek omsyn til både desse gruppene.
- Valle må satse vidare på Brokke som senter for vinteraktivitetar. Dette er særskilt viktig for turismen, og for å stimulere til ei utvikling av bedrifter i Hylestad. Samstundes er det eit godt rekreasjonstilbod til fastbuande og tilflyttarar.

**Det treng ikkje
vere nokon
motsetnad
mellan næring
og miljø!**



Miljø

- Valle Venstre har som mål å gjere det enkelt, trafikksikkert og attraktivt å sykle/gå mellom heim og skule/arbeid/fritidsaktiviteter. Det er difor viktig å få på plass gang- og sykkelvegar som trengst for dette.
- Når det gjeld indre veg fra skulesenteret mot Valle sentrum, vil vi i første omgang stenge denne for gjennomkjøring. Dersom ikkje dette betrar sikkerheita til borna på eit godt nok vis, må det kome ein gang- og sykkelveg på denne strekninga.
- Vi har ein visjon om sykkelveg langs heile riksveg 9 i Setesdal. Det har både med tilrettelegging for miljøvenlege aktivitetar og med trafikksikkerheit å gjere.
- Vi vil at alle nye innkjøp til kommunen skal gjerast med tanke på miljøet og rettferdig handel, til dømes å kjøpe el-bilar i heimesjukepleien når dei gamle skal skiftast ut. Det er viktig at Valle kommune både i drift og investeringar har fokus på miljøet.
- Vi må bli meir medvitne om estetikk i bygda vår, særleg langs riksveg 9. Industriområde bør til dømes skjermast for innsyn frå vegen.
- Natur- og kulturområde i kommunen må leggast til rette for at folk utan bilar eller skuterar kan nytte dei. Gamle stigar og veger nær busettingar må ryddast for ferdsel, og i Valle bør elva bli meir tilgjengeleg for folk. Vi ser for oss ein "promenade" frå Haland til Valle motell.

Velferd

Helse og omsorg

- I Valle kommune skal alle få hjelp og omsorg ut i frå livssituasjon og behov. Dette gjeld anten ein er ung eller eldre. Kommunen er i gong med å planlegge framtidige løysingar når det gjeld helse og omsorg, til dømes utgreining av ei felles helseteneste for Valle og Bykle kommunar. Vi meiner at slike løysingar er viktige dersom Valle kommune skal halde fram med å vere eit sterkt, livskraftig lokalsamfunn. Samhandlingsreforma i helsesektoren set store krav til samarbeid, og Valle Venstre meiner at kommunen må fortsette å jobbe for å styrke helsesektoren ved å finne gode løysingar saman med dei andre kommunane.

Ungdom

- Det er viktig at kommunen tek ansvar når det gjeld alle ungdommar som finnast her, også dei som kjem hit for å gå på skule. Valle har opptil 100 ungdommar i bygda mellom 13 og 25 år. Vi må jobbe for at alle desse får ei kjensle av å høyre til, også med tanke på mogleg framtidig busetting i bygda. Ungdomsklubb og tiltak elles for ungdom må rettast mot alle ungdommar som er i bygda. Å satse på eit godt ungdomsmiljø er å satse på framtida.

Bustader

- Valle treng eit leilegheitsbygg for dei som skal ha bustad gjennom kommunen eller NAV. Valle Venstre vil jobbe for at eit slikt bygg blir ein realitet.

Venstre sine kandidatar i Valle



1. **Ann Christin Jacob** (47)

Avdelingsleiar, lærar
Brokke



2. **Sissel Åkre** (69)

Tidlegare førskulelærar
Valle



3. **Steinar Homme** (37)

Kontorsjef
Bø



4. **Kristin Brokke** (38)

Miljøterapeut
Brokke

5. **Øgvind Jacob** (57), Fysioterapeut, Brokke

6. **Peer Ole Jacob** (26), Student, p.t. Oslo
7. **Ånund K. Homme** (81), Forleggjar, Valle

Foto:

www.valle.venstre.no